



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Hotel Alexandra, Loen

Dato: 13.05.2025

Tidspunkt: 09:00 - 15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Baard Helle Bolstad	Mariel Eikeset Koren	Gloppen kommune

Merknader:

Andre deltakarar på møtet var Anne Rudsengen frå SNO og Kristine Selbervik Lund, som har praksisplass på kontoret i Gaupne.

Andre frammøtte:

Namn

Tor Arne Hauge

Trygve Snøtun

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Baard Helle Bolstad

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 15/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Uttale til reguleringsplan - Sunnfjord 332/1 m.fl. - Jostedalsbreen Gondol		2025/6678
ST 18/25	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 4/25	Behov for ekstra tiltaksmidler straksmidlar til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		2024/17214
RS 5/25	Tilskot til sanitæranlegg ved Bøyabreen - Jostedalsbreen nasjonalpark - 153/1/1 - Fjærland - Oppgradering av Brævasshytta med tunområde		2024/15384
RS 6/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Gjeld søknad om innsamling av prøvar - FLOURISH-prosjektet -2025 - Høgskulen på Vestlandet		2025/6920
ST 19/25	Delegerte saker		
DS 2/25	Vedtak - Forlenga frist for utbetring av sti til Bredesanden i Briksdalen		2023/18230

Orienteringssaker:

1. Status sekretariat
2. Status tiltaksplan
3. Nytt frå SNO
4. Mediasaker sidan sist

ST 15/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2025

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste til dette møtet.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste til dette møtet.
Samrøystes vedteke.

ST 16/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2025

Handsaming i møte

Baard Helle Bolstad vart føreslege til å skrive under protokoll i lag med styreleiar.

Vedtak

Baard Helle Bolstad vart vald til å signere protokoll i lag med styreleiar.
Samrøystes vedteke.

ST 17/25 Jostedalsbreen nasjonalpark - Uttale til reguleringsplan - Sunnfjord 332/1 m.fl. - Jostedalsbreen Gondol

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2025

Handsaming i møte

Oddmund Klakegg sakna omtale i saksutgreiinga av tidlegare grensejustering på grunn av inngrep i samband med kraftutbygging ved Trollavatnet.

Det vart stemt over forslag frå Oddmund Klakegg om å ta ut siste setning i innstillinga frå sekretariatet:

Desse stemte for å ta ut siste setning i innstilling frå sekretariatet: Andreas Wiese, Stig Ove Ølmheim, Baard Helle Bolstad og Oddmund Klakegg.

Desse stemte mot å ta ut siste setning i innstilling frå sekretariatet: Stine Fjellkårsstad og Hege Lothe.

Forslaget om å ta ut siste setninga i innstilling frå sekretariatet vart vedteken med 4 mot 2 stemmer.

Det vart stemt over forslag frå Hege Lothe om eit tillegg til vedtakstekst:

Desse stemte for å legge til nye avsnitt i vedtaket: Andreas Wiese, Baard Helle Bolstad, Stine Fjellkårsstad og Hege Lothe.

Desse stemte mot å legge til nye avsnitt i vedtaket: Stig Ove Ølmheim og Oddmund Klakegg.

Forslaget om å legge til omtala avsnitt frå saksutgreiinga i vedtaket vart vedteken med 4 mot 2 stemmer.

Det vart stemt over endeleg uttale som skal sendast til Sunnfjord kommune:

Desse stemte for uttalen: Andreas Wiese, Baard Helle Bolstad, Stine Fjellkårsstad og Hege Lothe.

Desse stemte mot uttalen: Stig Ove Ølmheim og Oddmund Klakegg.

Endeleg uttale vart vedteken med 4 mot 2 stemmer.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket med gondol/taubane til ein toppstasjon på Tverrfjellet like ved grensa til Jostedalsbreen nasjonalpark vil påverke både verneverdiar og verneføremåla negativt innanfor vernegrensa, jf. § 49 i naturmangfaldlova.

Det er vurdert at sjølvve installasjonen gondol med toppstasjon og aktiviteten inn i verneområdet frå denne vil vere negativt for alle føremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark.

Tiltaket vil vere i strid med alle verneføremåla i Jostedalsbreen nasjonalpark (jf. kapittel III i verneforskrifta). Sjølv om tiltaket med bygging av gondol vil vere på utsida av vernegrensa, vil alle grunnane for å opprette nasjonalpark i området bli påverka av sjølvve tiltaket eller aktiviteten tiltaket fører med seg:

- *«å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand»* - Breområdet blir ikkje verna i naturleg tilstand når det står ein stor toppstasjon for gondol på kanten av breen. Sårbar vegetasjon og geologiske førekomstar vil vere svært sårbar for aktivitet i området, og fuglar og dyr vil kunne bli pressa vekk av aktivitet, lyd og lys.

- *«å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging»* - For det tradisjonelle friluftslivet vil både det visuelle med store tekniske installasjonar og ei stor auke i aktivitet gjere området mindre attraktivt og gjere naturopplevinga mindre.

- *«å verne om kulturminne og kulturlandskap»* - Den historiske ferdselsvegen mellom Lunde og Fjærland er eit viktig kulturminne. Denne er utpeika som innfallsport til nasjonalparken gjennom Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark (2021- 2027), og er i dag den einaste merka stien i området. Nasjonalparkstyret restaurerte store deler av ferdselsvegen med tiltaksmidlar i 2015. Opplevinga av ferdselsvegen vil bli sterkt forringa av ein gondolbane som går like ved. Det er og verdt å nemna at ferdselsvegen er krevjande, og best eigna for fjellvande folk.

Området kring Tverrfjellet har i dag avgrensa bruk gjennom tradisjonelt friluftsliv. Topografien i området tilseier at mestedelen av aktiviteten frå ein toppstasjon må føregå inn i nasjonalparken. Då tiltaket er planlagt for 75 000 personar årleg, så vil ringverknader av aktiviteten vere stor i eit sårbart område, sjølv om ikkje alle skal bevege seg ut av toppstasjonen.

ST 18/25 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2025

Handsaming i møte

Forvaltarane og SNO orienterte, og drøfta sakene med nasjonalparkstyret, som tok dei til vitande.

Vedtak

ST 19/25 Delegerte saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 13.05.2025

Handsaming i møte

Forvaltarane orienterte om saka for nasjonalparkstyret, som tok det til vitande.

Vedtak